



Fredrik Skare Seim
 Vatne 12
 5912 SEIM

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 15/767 - 15/6318

Saksbehandlar:
 Linda Folkestad
 Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
 17.03.2015

Svar på søknad om dispensasjon gbnr 170/8 Vatne - garasje

Teknisk drift syner til brev datert 03.03.2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 12,0 meter.
- Avkjørsle skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til svingradius, sikt, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Det er med heimel i Veglova §§ 29, 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er gunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjede ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og teikning

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved vegavdelinga